



ABO Plan- og arkitektur

Pb 291

5203 OS

Referansar:

Dykkar:

Vår: 15/626 - 15/6709

Saksbehandlar:

Arnold Matre

Arnold.Matre@lindas.kommune.no

Dato:

20.03.2015

Svar på førespurnad om mogeleg drøftingsmøte i høve ny lokalisering av Søderstrøm blomster og hagesenter

Det vert synt til Dykkar skriv dagsett 19.02.15, og beklagar at det har tatt tid å svara på førespurnaden.

I skrivet vert det bede om eit drøftingsmøte der ein kan forsøke å finna ein tenleg veg fram mot realisering av planane for rølokalisering av hagesenteret på Gjervikflata. Som De også nemner i skrivet så er mogeleg reguleringsarbeid på Gjervikflata handsama i plan- og miljøutvalet 06.03.13.

Me forstår skrivet slik at det er ønskje om å møta administrasjonen med tanke på å framkunda ein eventuell etablering på det omsøkte arealet. På bakgrunn av vedtaket i plan- og miljøutvalet har ikkje administrasjonen høve til å opna for prosessar som er i strid med dette.

Når det gjeld framdrifta i arbeidet med kommunedelplan for Knarvik - Alversund, så er det riktig at dette har endra framdrift. I revidert kommunal planstrategi så er det vedteke at planen skal starta opp i 2015. Administrasjonen har alt starta opp det førebuande arbeidet, og plan- og miljøutvalet vil gje føringar til arbeidet i møter før sumaren.

Slik stoda er må det etter vår vurdering eit endra vedtak i plan- og miljøutvalet til for å opna for ein dialog kring mogeleg utbygging på Gjervikflata. Når det gjeld det vidare arbeidet med kommunedelplanen er innspelet til Søderstrøm alt registrert. Elles vil me understreka at me gjerne tek eit møte med Søderstrøm når arbeidet med kommunedelplanen formelt er komen i gang og det er opna for innspel om arealbruk.

Med helsing

Arnold Matre
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:

Søderstrøm Blomster og Hagesenter Lyngvegen
as

5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

ABO Plan- og arkitektur

Pb 291

5203

OS